



## Notat

Dato: 29.04.2019  
Arkivsak: 2016/4239-87  
Saksbehandlar: palklei

---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet

---

**Frå:** Nils Egil Vetlesand

---

### Oversikt over tilsyn

Fylkesrådmannen viser til førespurnad om oversyn over tilsyn i 2018. I førespurnaden viser sekretariatet for kontrollutvalet til årsmeldinga der det går fram at det er etablert rutine for rapportering av tilsyn.

Fylkesrådmannen kan opplyse at det er etablert slik rutine, men det viser seg at teksten i årsmeldinga ved ein inkurie ikkje er oppdatert på dette punktet. Den korrekte teksten skulle hatt slik ordlyd:

#### **Eksterne tilsyn**

Fylkesrådmannen har etablert ein rutine for rapportering av eksterne tilsyn i Hordaland fylkeskommune. Føremålet med rutinen er å ha ei oppdatert oversikt over varsla og gjennomførte tilsyn, uavhengig av fagområde og avdeling. Oversikta skal utarbeidast kvart halvår. For 2018 har det mellom anna vore gjennomført tilsyn frå Arkivverket, Arbeidstilsynet og fylkesmannen. Eventuelle avvik som vert påpeika gjennom desse tilsyna, vert følgde opp med eigne tiltak.

Fylkesrådmannen arbeider med å få fram eit oppdatert oversyn som vert sendt kontrollutvalet straks den ligg føre.

Fylkesrådmannen vil gjerne presisere at alle eksterne tilsyn, så langt ein kjenner til, er følgd opp i tråd med aktuelle pålegg. Det er berre den samla oversikta som ikkje er heilt oppdatert. Fylkesrådmannen kjem som nemnt attende til oppdatert oversyn, men nemner kort følgjande tilsyn som har vore handsama/er under handsaming:

#### **Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen**

- Fylkeskommunens ansvar for godkjenning, oppfølging og rettleiing av lærebedrifter
- Vidaregåande opplæring for vaksne  
Hordaland fylkeskommune – Sotra vidaregåande skule

#### **Tilsyn frå Arbeidstilsynet**

- Haugland bussanlegg, Askøy – vaskehall

#### **Tilsyn frå Arkivverket**

